



Voss herad

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN 2023-2027

SAMAN OM Å BU TRYGT OG GODT



VOSSEBUSTAD

BYGD FOR ALLE



Innhald

SAMANDRAG	1
INNLEIING	1
NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE FØRINGAR	1
VOSS – EI BYGD FOR ALLE	4
DETTE SKAL ME OPPNÅ	5
1: INGEN SKAL VERA BUSTADLAUS	6
2: TILGJENGELEGE OG GODE KOMMUNALE BUSTADAR	7
3: JOBBA FOR AT FLEIRE KAN BU I EIGD BUSTAD	9
4: TVERRSEKTORIELT SAMARBEID FOR HEILSKAPLEG OPPFYLGING AV BEBUARAR ...	10
OPPFYLGING	12
VEDLEGG:	12
VEDLEGG 1: KUNNSKAPSGRUNNLAG	12
VEDLEGG 2: ANALYSE	12
VEDLEGG 3: MÅL OG TILTAKSLISTE	12

SAMANDRAG

Gjennom bustadsosial handlingsplan skal heradet på systemnivå, individnivå og relasjonelt nivå førebygga at innbyggjarar får problem i høve bustad. Alle innbyggjarar skal kunne skaffa seg og behalda ein eigna bustad. Innbyggjarar som ikkje er i stand til å skaffa bustad sjølv skal få eit heilskapleg og tilpassa butilbod slik at dei vert i stand til å meistra eigen busituasjon. Gode butilhøve er viktig for å kunne leva eit godt liv, få danna seg familie, vera i arbeid og for å kunna ta vare på eiga helsa. Grunnleggjande innhald i kommunalt butilbod er:


- > eit tilgjengeleg, variert og samansett tenesteapparat som støttar opp om eiga meistring og involvering
- > ein trygg bustad
- > sosialt nettverk
- > arbeid og aktivitet

Visjonen til planen er at alle skal bu trygt og godt i Voss herad. Alle skal ha ein stad å bu, og med den rette hjelpa frå Voss herad kan alle meistra å bu. Satsingsområda til planen:

1. Ingen i Voss herad skal vera bustadlaus.
2. Voss herad skal ha tilgjengelege og gode kommunale bustadar.
3. Voss herad skal jobba for at fleire kan bu i eigd bustad.
4. Voss herad skal auka tverrsektorielt samarbeid for heilskapleg oppfylging av bebuvarar.

Målgruppa for handlingsplanen er vanskelegstilte på bustadmarknaden som

- > er utan bustad (bustadlaus)
- > står i fare for å miste bustad
- > bur i ueigna bustad eller bumiljø



INNLEIING

For dei aller fleste som leiger kommunal bustad i Voss herad er tildelingsprosessen og oppfylginga god. Utfordringa er å skaffa rett bustad til rett tid, samhandla og ha klar rolle og arbeidsfordeling i kommuneorganisasjonen. Ei god organisering og samordning av tenester, samt nødvendige ressursar til tett oppfylging og kompetanseheving av tilsette er grunnleggjande. Heradet si rolle i bustadsosialt arbeid er samfunnsutviklar, tenestetilbydar og organisasjon.

Bustadsosialt arbeid er å skaffa bustad til dei som har vanskar med å koma seg inn på bustadmarknaden og samstundes jobba for at dei skal meistra å bu og ha eit buforhold⁴. Målgruppa for handlingsplanen er vanskelegstilte på bustadmarknaden som

- > er utan bustad (bustadlaus)
- > står i fare for å miste bustad
- > bur i ueigna bustad eller bumiljø⁴

NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE FØRINGAR

Heradet sine pliktar er regulert i [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen](#), [Lov om kommunale helse og omsorgstjenester](#) og [Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet](#) (ikraftsetjingsdato 1. juli 2023). Loven fastset § 3 ansvarleg kommune, § 5 ansvar for organisering og planlegging, § 6 plikt til å gje individuelt tilpassa hjelp til vanskelegstilte¹ på bustadmarknaden og § 15 bustadar til vanskelegstilte. Det er lovpålagd å utarbeida ny bustadsosial handlingsplan kvart fjerde år.

Planen tek utgangspunkt i den nasjonale strategien for sosial bustadpolitikk [Alle trenger et trygt hjem \(2021-2024\)](#) som omtalar fire overordna mål i arbeidet:

1. «Flere skal kunne eie egen bolig»
2. «Leie skal være et trygt alternativ»
3. «Sosial bærekraft i boligpolitikken»
4. «Tydelige roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse»

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging \(2019-2023\)](#) legg føringar for å:

- > «skape et bærekraftig velferdssamfunn»
- > «skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning»
- > «skape et sosialt bærekraftig samfunn»
- > «skape et trygt samfunn for alle»

I arbeidet med bustadsosial handlingsplan er fylgjande [FN berekraftsmål](#) særleg viktige:

Mål 1 handlar om å «utrydde fattigdom»

Mål 3 handlar om «god helse og livskvalitet»

Mål 10 handlar om «mindre ulikskap» og delmål 10.3

handlar om å sikra like mogelegheiter og redusera skilnadar i levekår.

Mål 11 handlar om «berekraftige byar og

lokalsamfunn» og delmål 11.1 handlar nettopp om å sikra tilgangen til tilfredsstillande og trygge bustadar.

Mål 17 handlar om «samarbeid for å nå måla»



¹ Vanskelegstilte på bustadmarknaden er personar og familiar som slit med å få dekka bustadbehova sine, og anten er utan bustad, står i fare for å miste bustaden sin eller bur i ueigna bustad/bumiljø⁴.



[NOU Tid for handling 2023:4](#) syner til at på nasjonalt, regionalt og lokalt fokus skal innbyggjarar ta meir ansvar for eiga helsa, for eigne pårørande og nettverk og bidra som frivillig. Forventningar til kva innbyggjarar kan forventa av offentleg helsevesen skal senkast.

I Voss herad sin [planstrategi \(2020-2032\)](#) står det:

«**Utanforskap»**

Me har over lang tid opplevd stor vekst i velstand og rikdom i Noreg, men ulikskapane har heller aldri vore større. I ei tid der me aldri har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me òg motsetningar, utanforskap og hat. Også hjå oss ser me tendensar til at skilnader vert større - at del born i låginntektshushald aukar, at ungdommar ikkje fullfører vidaregåande utdanning, og at fleire av oss kjenner på einsemd og det å ikkje høyre til.

Utanforskap kan ramma alle. Av ulike årsaker står mange i utkanten av eller utanfor fellesskapet. Voss herad skal ha fokus på utanforskap i kommande planperiode og vil prioritera fylgjande planarbeid:

Inkludering og mangfold (kommunedelplan)

Eit samfunn med tilnærma like moglegheiter fremjar utvikling og trivsel. Utnytting av den einskilde sine evner vil vere til det beste for alle og gje grunnlag for personleg vekst, god helse og eit meiningsfullt liv.

Kommuneplanen sin [samfunnsdel](#) og [arealdel](#) (2020-2032) legg føringar:

«Voss herad skal vera inkluderande, trygt og berekraftig», «Voss skal ha plass til alle»

«Nye bustader skal ha livsløpsstandard, og sentrale fellesområde vera universelt utforma»

«Behovet for mindre bu-einingar vil vera aukande i framtida. I bustadplanlegginga er det også viktig å fanga opp dei som har utfordringar på bustadmarknaden»

«Legga til rette for god arealutnytting i Voss sentrum, då folketalet aukar mest der. I tillegg bør bustadutviklinga koma i lokalsentra og nærsentra. Busetnaden i bygdene skal oppretthaldast for å trygge levande grender i heradet»

«Det er prioritert tilrettelegging for unge, eldre og funksjonshemma ved universell utforming, der dette er mogeleg»

«Innan 2030 skal me sikra ålmenn tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggande tenester til ein overkommeleg pris (11.1)»

«Innan 2030 skal me ha sytt for ålmenn tilgang til trygge, inkluderande og lett tilgjengelege grøntområde og offentlege rom. Særleg satsing skal me ha for born, eldre og dei med nedsett funksjonsevne (11.7).»

[Sentrumsplanen](#) legg føringar:

«Uformelle møteplassar der folk kan treffast uavhengig av alder, bakgrunn og ståstad, er viktig for eit sosialt kvarlagsliv og god folkehelse, ikkje minst for mange einebuarar som det vert stadig fleire av. Planen legg også til rette for alternative buformer med fellesskapsløysingar som innbyr til samhandling og sosial berekraft»

«I samband med nye bustadprosjekt er det krav om etablering av både private oppholdsareal og felles uteoppholdsareal»

«Offentlege rom og parkar som inviterer opphold og aktivitetar, og generelle krav om blågrøne innslag i nye byggeprosjekt er viktig for bukvaliteten i sentrum»

«Det at barn og unge har mange tilbod i gangavstand, er også eit viktig moment når det gjeld utjamning av ulike økonomiske og sosiale oppvekstvilkår»




Plan for helse og omsorg legg føringar: «*Hovudprinsippet vert å syta for at fleire bur i eigen heim lengre, og at dei sjukaste får opphold i institusjon med heildøgnsomsorg*».

Samstundes vil [Leve heile livet](#) reforma vera førande for at eldre skal bu trygt heime. Reforma skal utfordra innbyggjarar til sjølv å engasjera seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av sine omgjevnadar, og heradet skal sørge for å skapa aldersvennlege butilbod.

Bygd for alle satsinga vil vera førande for at born og unge skal vera ein del av fellesskapet. Satsinga skal redusera barrierar og utfordringar som fører til utanforskap blant born og unge, og sikra at born og unge har lik mogelegheit til å være ein del av fellesskapet uavhengig av familieøkonomi.

Heradet skal ha ei heilsakleg tilnærming til bustadsosialt arbeid og sjå dette i samanheng med overordna arbeid med samfunnsutvikling. Slik vert avgrensinga til andre kommunale planar viktig.




Figur 1: Avgrensning til andre kommunale planar.



VOSS – EI BYGD FOR ALLE

I samband med utforminga av planprogrammet vart det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag² med tal og fakta knytt til bustadsosialt arbeid i heradet per 2022.



Suksessfaktorar som vart peika på i den førre nasjonale strategien [Bolig for velferd \(2014-2020\)](#) var å ha eit forpliktande og formalisert samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kunnskapsgrunnlaget² og medverknadsprosessane³ syner lågt samarbeid på tvers og at heradet ikkje har innfridd satsingsområda frå den førre nasjonale strategien som seier at

- > «alle skal ha et godt sted å bo»
- > «alle med behov for tjenester, skal få hjelp til å mestre boforholdet»
- > «offentlige innsatsen skal være helhetlig og effektiv»

² Vedlegg 1: Kunnskapsgrunnlag

³ Vedlegg 2: Analyse



DETTE SKAL ME OPPNÅ

Visjon: Saman om å bu trygt og godt i Voss herad.





1: INGEN SKAL VERA BUSTADLAUS

Voss herad skal førebyggja at innbyggjarar vert bustadlause eller får därlege butilhøve. Sjølv om dei fleste bur godt i heradet er det nokre som manglar ein god plass å bu². Dårlege butilhøve eller å vera bustadlaus påverkar livskvaliteten negativt og det vert vanskelegare å ta imot og nyttiggjera seg velferdstenester, gjennomføra utdanning og delta i arbeidslivet. Ein utsig busituasjon gjer integrering vanskeleg, samstundes som vegen til kriminalitet, rusproblem og psykiske vanskar kan vera kortare⁴.



Midlertidig bustad

Heradet skal disponera ein eller fleire NØD-bustad(er) i den kommunale bustadmassen, slik at livskvaliteten til innbyggjarar som bur i midlertidig bustad betrast i krisesaker eller ved bustadbrann. Dette vil også redusera kostnadane knytt til leige på privat marknad².

Forhindra tvangsutkasting

Tvangsutkasting fører til redusert livskvalitet. Heradet skal jobba førebyggjande med å hindra tvangsutkasting. Personar som ikkje er i stand til å skaffa eigen bustad kan anten ha låg inntekt, høg gjeld og/eller manglande ressursar til å forvalta økonomien sin på ein god måte. Riktig og tilstrekkeleg buoppfølging til den enkelte, aktivitetar, arbeid, økonomirettleing og brukarmedverknad er viktige verkemiddel. Heradet ynskjer å leggja vekt på brukaren sine ynskjer og val gjennom å ta i bruk *Housing First*⁵ modellen i vidare bustadsosialt arbeid. Inntektsikring, samt bistand til forvaltning av privatøkonomien er også viktige bidrag for å forhindra utkasting. Frivillig eller tvungen forvaltning vil for nokon vera avgjerande for å meistra eigen økonomi situasjon.

Mål 1.1: Vedtak om midlertidig bustad skal halverast.

- Tiltak 1: Kjøpa ein eller fleire NØD-bustadar som har meir enn 3 rom som teknisk avdeling driftar og Nav kan leiga.
- Tiltak 2: Betra informasjon om kvar tilsette kan melda frå om bekymring for bebuar sin forverring av tilstand, og om born som har därlege butilhøve.

Mål 1.2: Ingen bør vera tvangsutkasta frå kommunal bustad.

- Tiltak 3: Laga ei informasjonsbrosyre om kvar ein kan få hjelp i høve økonomirettleing og konsekvensar ved manglande betaling av husleige. Oppretta rutine for tilsette.
- Tiltak 4: Settja i verk ein pilot med *Housing First* modell for å leggja vekt på bebuar sine ynskjer og val saman med oppfølgingsteneste.

⁴ [Alle trenger et trygt hjem](#)

⁵ *Housing First* er ein modell som skal redusera bustadlause og sikra ein stabil busituasjon ved å leggja vekt på brukaren sine ynskjer og val saman med oppfølgingsteneste. Modellen byggjer på åtte sentrale prinsipp: bustad er ein menneskerett, respekt og varme i møte med deltakarar, sjølvstendige leilegheiter spreidd i vanlege bamiljø, skilje mellom bustad og tenester, brukarstyring, forplikting til å yta tenester så lenge det er nødvendig, «recovery» orientering og skadereduksjon ([Helse Vest Metodehandbok Housing First](#)).

2: TILGJENGELEGE OG GODE KOMMUNALE BUSTADAR

Voss herad skal syta for eigna og tilstrekkeleg kommunale bustadar. Eit verkemiddel er å jobba for at fleire kan bu i eigd bustad i satsingsområde 3.



Målretta kommunal bustadmasse

Heradet si rolle skal vera ein aktiv bustadsosial aktør der den kommunale bustadmassen er målretta ut frå behovet. Samordning av bustadbehov og tildeling må til. Heradet skal ha tydelege rutinar for synfaring ved kjøp av ny kommunal bustad og sal av kommunale bustadar til beboarar. Heradet skal fortsetja med å gjennomføra faste årlege møter på tvers av kommunalavdelingar for å vurdera tiltak heradet lyt gjera for å møta bustadbehov. Viktige kriteria vert:

- > Innbyggjar og brukarmedverknad (brukarmedverknad skal liggja til grunn i nye kommunale bustadprosjekt).
- > Type bustad (storlek, tilkomst/tilpassing, nabolag, bemanna/ubemanna bustad, aldersvennleg/universell utforming).
- > Geografisk plassering (nærleik til skule/barnehage/butikk/buss/tog/andre tilbod, spreidd lokalisering for å unngå opphoping i eit område).
- > Nærrområde (trygt for born/tilpassa eldre m.m.).

Universell utforming skal vera eit premiss ved nye bustadprosjekt og ved oppussing av eksisterande kommunal bustadmasse. Førebyggande innsats for å hindra øydeleggingar i bustad må til for å redusera reparasjonsarbeid. Viktige verkemiddel vil vera brukarmedverknad, tett buoppfylging i form av miljørarbeid og opplæring i bruk av bustad. Heradet skal oppretta kravspesifikasjon for kommunale bustadar og ein 10 års vedlikehaldsplan.

Lokalisering, nærmiljø og transport

Heradet skal sørge for ein variert bebuarsamsetnad og fremja mangfold for å førebyggja utanforskap. Kommunale bustadar skal ha ulik grad av fellesskapsløysingar og bustadformer for å vera tilpassa beboarar med ulike behov og motverka einsemd. Spreidd busetting gjev betre høve til integrering i samfunnet. Kommunale bustadar bør i størst mogleg grad integrerast i vanlege bumiljø, fortrinnsvis burettslag. Lokalisering av bustad er også avgjerande for psykisk helse. Oppleving av utryggleik kan skapa psykologiske barrierar mot å gå ut. Eit godt nærmiljø, grønt område og nærleik til aktivitetstilbod, tenester og transport er viktige verkemiddel. Innbyggjarar som bur i kommunal bustad har ofte ikkje moglegheit for å nytta bil og er dermed avhengig av gangavstand eller eit godt kollektivtilbod for å ta seg fram til butikk, offentlege tenester eller delta i arbeid og aktivitetar.

**Mål 2.1: Målretta kommunal bustadmasse.** Ubehandla søknadar til kommunale bustadar skal vera halvert.

- Tiltak 5: Gjennomføra faste årlege møter mellom kommunalavdeling teknisk, helse og omsorg og oppvekst for å prioritera framtidig bustadmasse.
- Tiltak 6: Oppretta oversikt over kommunale bustadar sin storleik, tal rom, tilpassa rullestol og skisser over bustadene i heradet sitt datasystem.
- Tiltak 7: Byggja/kjøpa kommunale bustadar med ulik grad av fellesskapsløysingar og bustadformer for å vera tilpassa ulike behov.
- Tiltak 8: Oppretta rutine for synfaringar ved kjøp og sal av kommunale bustadar.

Mål 2.2: Kommunal bustadmasse skal vera i god stand.

70% færre kommunale bustadar står tomme grunna oppussing.

- Tiltak 9: Gjennomføra pilot *oppussing av kommunale bustadar: tilsette pensjonistar, gje sjanse til arbeidstrening i samarbeid med t.d. Kirkens Bymisjon, Nav. Vurdera å inngå samarbeid med Voss vidaregåande skule.*
- Tiltak 10: Oppretta kravspesifikasjon på kommunale bustadar (inkludert i kor stor grad bustadene skal vera universelt utforma).
- Tiltak 11: Oppretta eit kommunalt bustad-lager for midlertidig lagring av møblar/eigendelar ved flytting av bebuarar og for å sikra gjenbruk.
- Tiltak 12: Gjennomføra ein tilstandsanalyse for å laga ein 10 års vedlikehaldsplan for kommunale bustadar.
- Tiltak 13: Tilsette fleire eller bruka eksterne ressursar til vedlikehald og oppussing av kommunale bustadar.
- Tiltak 14: Oppretta tverrfaglege butreningskurs for å auka bebuarar si buevne.
- Tiltak 15: Byggja/kjøpa 1-2 bustadar som er tilpassa bebuarar med svak buevne som overgang til anna bustad.

Mål 2.3: Kommunale bustadar tilrettelagd for rullestolbrukarar skal auke frå 57% til 62%.

- Tiltak 16: Auka informasjon og kompetanse om universell utforming blant tilsette og eksterne utbyggjarar.
- Tiltak 17: Søkja tilskot til universell utforming for kommunale bustadar eller selja bustadane dersom det har større kostnadseffekt.

Mål 2.4: Variert bebuarsamansetnad og spreidd lokalisering av kommunale bustadar.

- Tiltak 18: Vurdera å flytta bebuarar som bur i område med opphoping av levekårsutfordringar. Ved flytting av bebuarar skal det ytast tett bu-oppfylging.
- Tiltak 19: Arbeida for tilgjengeleg kollektivtransport i avsidesliggjande område slik at innbyggjarar kan delta i arbeid og på aktivitetar.
- Tiltak 20: Utarbeida overordna strategi for plassering av kommunale bustadar i heradet (spreidd lokalisering) som ein del av strategi for bustadutvikling.





3: JOBBA FOR AT FLEIRE KAN BU I EIGD BUSTAD

Det å eiga eigen bustad gjev i større grad økonomisk tryggleik, lågare månadlege utgifter og meir stabile og trygge butilhøve enn å bu i leigd bustad⁴. Det bør byggjast fleire bustadar på den private bustadmarknaden i lågare prisklasser med livslaupsstandard, slik at fleire kan bu i eigd bustad og eldre kan bu lengre heime.



Leige-til-eige

Ikkje alle kan eiga ein bustad med ein gong, nokre treng tilbod om å leiga før dei kan eiga, anten kommunal bustad eller hjå private. Heradet skal setja i verk ein *Leige-til-eige*⁶ modell og styrka kompetanse på dette feltet for at barnefamiliar og personar med utviklingshemming kan kjøpa seg inn i kommunal bustad over tid. Brukarmedverknad skal liggja til grunn for modellen. Aktiv rettleiing, informasjon og strategi for bruk av startlån må til for at fleire kan bu i eigd bustad. Informasjon skal vera tilgjengeleg også for dei som ikkje forstår norsk. Tilgjengeleg og rimeleg kollektivtransport til avsidesliggende område er verkemiddel som kan gjera det enklare for beboarar å kjøpa bustad i område med lågare bustadprisar.

Bu i eigen bustad

Tilpassing av bustadar som ikkje fyller krav om [livslaupsstandard](#), velferdsteknologi og hjelpemiddel er viktige verkemiddel for å sikra at den enkelte i størst mogleg grad meistrar å bu i eigen heim, og at den enkelte sitt behov for andre tenester reduserast. Samarbeid med eksterne utbyggjarar er vesentleg for at nye bygg skal fylle krav om livslaupsstandard. Samarbeid med næringslivet om å informera eldre og personar med nedsett funksjonsevne i høve privat vaktmesterteneste er også eit viktig verkemiddel for at fleire kan meistra å bu i eigen heim. Informasjon om tilskot og tilpassing av sjølvæigande bustadar skal vera tilgjengeleg, god og oppsøkjande for å utfordra innbyggjarane til å engasjera seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av sine omgjevnader i tråd med [Leve heile livet](#) reforma.

Mål 3.1: 10 personar har inngått *Leige-til-eige* avtale innan 2027.

- Tiltak 21: Gjennomføra ein medverknad-pilot for å utvikla gode reiskap for brukarmedverknad for personar med utviklingshemming saman med *Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester*.
- Tiltak 22: Utarbeida overordna strategi for Startlån og marknadsføra Startlån.
- Tiltak 23: Setja i verk ein *Leige-til-eige* modell med tydelege vilkår for barnefamiliar og personar med utviklingshemming, styrka kompetanse og ressursar.

Mål 3.2: Oppsøkjande og tilgjengeleg informasjon for at fleire kan bu i eigen bustad.

- Tiltak 24: Laga informasjonsmateriell (brosjyre, heimeside) om startlån, tilskot, tilpassing av bustad og Leige-til-eige modell for innbyggjarar og tilsette.
- Tiltak 25: Gjennomføra kampanje *Planlegge litt* saman med senter for aldersvenleg Noreg, Helsedirektoratet og setja oppsøkjande informasjon i system.
- Tiltak 26: Inngå eit samarbeid med næringslivet for å få oversikt over tilgjengelege private tenester og deretter informera eldre og personar med nedsett funksjonsevne om desse tenestene.

⁶ *Leige-til-eige* er modellar kor innbyggjarar kan kjøpa seg inn i ein communal bustad over tid. Modellen gjeld for dei som ikkje har tilstrekkeleg betalingsevne til eit lån per dags dato, men som heradet vurderer til å ha potensiale for å kjøpa eigen bustad på sikt ved hjelp av startlån/ordinært banklån og eventuelt tilskot til etablering ([Leie til eie for vanskeligstilte - Veiviseren](#)).



4: TVERRSEKTORIELT SAMARBEID FOR HEILSKAPLEG OPPFYLGING AV BEBUARAR

Bustadsosialt arbeid er kompleks og krev nye former for samvirke og auka tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid for å sikra trygg busetting og heilskapleg oppfylging. Nokre innbyggjarar er i ein vanskeleg situasjon i ein kort periode og treng berre litt rettleiing eller økonomisk hjelpe for å betra situasjonen sin, andre treng omfattande oppfylging og tenester over lang tid for å meistra å bu.



Innbyggjar i sentrum

Voss herad skal ha ei føremålstenleg bustadsosial organisering. Etablering av eit samlokalisert og tverrfagleg bustadsosialt team skal gje eit heilskapleg og individuelt tilpassa teneste- og bustadtildobd og auka samhandling mellom tenestene, i tråd med [lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet](#). Rett bustad til rett person og rett tid må til for at innbyggjarar skal bu trygt og godt. Viktige verkemiddel er reell medverknad, samskaping og kontinuitet i oppfylginga. Informasjon skal vera tilgjengeleg, god og forståeleg. Tildelingsprosessen skal vera samkørt og innebere tett dialog med søker for å kartleggja søker sine ynskjer og behov. Heradet skal jobba for å unngå hyppig flytting av bebuarar, og då spesielt barnefamiliarar.

Medverknadsprosessane³ syner at «*Ei dør inn*» til bustadhjelp vil gjera det enklare å oppnå kontakt med riktig instans både for bebuarar og tilsette. Bustadsosialt team skal vera sett saman av eksisterande kompetanse og styrkast med tilsetjing av fylgjande kompetanse:

1. økonomirettleiring,
for at bebuarar i større grad kan handtera eigen økonomi. Slik vil heradet i større grad hjelpe bebuarar til å kunne eiga eigen bustad eller leiga privat. Heradet kan velja å samordna kompetanse om startlån og tilskot i økonomirettleiar stillinga.
2. miljøarbeid,
som føl opp og motivera bebuarar til deltaking for å meistra å bu.
3. leiar,
som har ansvar for bustadsosialt team.

Samhandling og ansvarsfordeling

Tydelege og avklarte ansvarsområde, felles samarbeidsrutine, oppdaterte samarbeidsavtalar og auka delt kompetanse vil vera vesentleg for at heradet skal yta gode tenester og butilbod til bebuarar. God samhandling med spesialisthelsetenesta og kriminalomsorga kan vera avgjerande for ein trygg busituasjon. Heradet skal jobba for at tilsette skal vera sikre på jobb, og førebygga for uheldige hendingar ved å kursa tilsette i vald- og overgrepshandtering.

Bustadsosialt arbeid kan delast i operative og strategiske oppgåver:

- > Operative oppgåver er å gje råd og rettleiing, skaffa eigna husvære, tildela økonomisk støtte, setja i verk bu og nærmiljø tiltak og å gje oppfylging og tenester i heimen.
- > Strategiske oppgåver handlar om å setja langsiktige mål, utvikla tiltak og verkemiddel for å nå måla, setja av økonomiske og faglege ressursar til arbeidet og avgjera kor og kven som skal løyse dei ulike oppgåvene.

**Mål 4.1: Bustadsosialt arbeid med innbyggjar i sentrum.**


- Tiltak 27: Tett dialog med søker for å kartleggja søker sine ønskjer og behov ved tildeling av bustad.
- Tiltak 28: Gjennomføra prosjekt *Medverknad og deltaking for personar med samansette rusutfordringar i bustadsosialt arbeid*.
- Tiltak 29: Etablira eit samlokalisert bustadsosialt team med eksisterande kompetanse (tildeling, forvalting av bustadar og økonomiske verkemiddel, i tillegg skal det tilsettast: økonomirettleiar, miljøarbeidar og leiar).
- Tiltak 30: Ha tydeleg informasjon om rettar til leigetakrar på den private bustadmarknaden, også med fokus på born og unge.

Mål 4.2: Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling i bustadsosialt arbeid.

- Tiltak 31: Utarbeida ei handbok for kommunal bustad som inneholder samarbeidsrutine, avklarte roller og retningslinjer for bustadsosialt arbeid.
- Tiltak 32: Revidera vedtaksbrev og husleigekontrakt i tråd med *Klart språk*.
- Tiltak 33: Inngå samarbeidsavtale med kriminalomsorga.
- Tiltak 34: Gjennomføra ei vurdering av data/forvaltingssystemet som nyttast i bustadsosialt arbeid.

Mål 4.3: Auka tversektoriel og tverrfagleg samarbeid og kompetansedeling.

- Tiltak 35: Etablira vald- og overgrepshandteringskurs på tvers av kommunalavdelingar årleg.
- Tiltak 36: Gjennomføra bustadsosial idéverkstad på tvers av kommunalavdelingane årleg.
- Tiltak 37: Oppretta ein gjenbruksstasjon i samarbeid med næringslivet for å auka gjenbruk av møblar.
- Tiltak 38: Samarbeida med fylkeskommunen om å ha ein hybelkoordinator.





OPPFYLGING

Det skal gjennomførast årleg statusoppdatering av bustadsosial handlingsplan. Tiltaka som har økonomisk konsekvens skal innarbeidast i årleg budsjett – og økonomiplanarbeid. Heradet skal sikra at innbyggjarar sjølv deltek i problemdefinisjon, planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak.

Planen skal reviderast etter fire år.

VEDLEGG:

VEDLEGG 1: KUNNSKAPSGRUNNLAG

VEDLEGG 2: ANALYSE

VEDLEGG 3: MÅL OG TILTAKSLISTE